

**HJULA MÅ PUMPAST OPP FØR FØRSTE BRUK.
HÆLKAPPA MÅ JUSTERAST FØR FØRSTE BRUK.
BRUK NOK TID TIL Å LÆRA BREMSETEKNIKKEN.**



Informasjon til brukarar av Skike V07 og Skike V07-S (også referert til som "produktet")

Gratulerar med ditt par Skike. Les denne informasjonen nøye før du startar bruk av produktet.

Produktet må justerast for å passa til kvar enkelt brukar sin anatomi. Framhjulet kan monterast i tre forskjellige posisjonar alt etter brukaren sin skostørrelse. Bruk den vedlagte fastnøkkelen til å løysa og festa mutteren. Bruk eit lite flatt skrujern til å vippe av plathetta som beskyttar mutteren.

OBS: Bakhjulet må ikkje flyttast frå sin posisjon.

Bruk sko når du brukar produktet. Ta alltid skoa skikkeleg på, og ha aldri lause reimar eller liknande når du brukar produktet. Skoen og foten vert festa til produktet ved å ta på det polstra festet rundt leggen ved å feste borrelåsen, og vidare feste dei to reimane med borrelås over foten.



Posisjon A viser ein vingemutter som vert brukt for å justera det polstra festet rundt leggen mot høgre eller venstre. Den vanlegaste posisjonen er i senter. Posisjon B viser vingemutteren som vert brukt for å justera bremsa. Juster bremsa slik at messingbremseklossen ikkje er i kontakt med dekket når du står i ro i oppreist normal posisjon.


Ved å bevega leggen bakover kjem bremsa i kontakt med dekket, og skiken bremsar. Graden av bremseeffekt heng saman med kor hardt leggen vert pressa bakover.

**BRUK NOK TID TIL Å LÆRA BREMSETEKNIKKEN I TRYGGE
OMRÅDE FØR START AV VANLEG BRUK.**

Posisjon C viser hælkappa som er festa med kraftig borrelås. Hælkappa bør løysast og justerast for å passe til den aktuelle skoen. Den kan bøygast ut eller inn for å passe til stor eller liten breidde på hælen på skoen. Det bakerste punktet av hælkappa skal vera minst 1cm frå framkant av bakhjulet, men denne avstanden bør ikkje vera meir enn 5cm. Lenger framme ligg ei fotplate under framfoten. Den er også festa med borrelås. Fotplata framme har som funksjon å støtta foten sidesvis. Dersom brukaren sin sko fyller heile breidda, eller nær på heile breidda, kan fotplata fjernast.

Skike V07 passar for dei fleste sko med størrelse frå 35 til 47. Skike har ein forlengar for størrelsar frå ca 48 og oppover (ekstrautstyr). Den mindre modellen Skike V07-S er laga for skostørrelsar frå ca 28 til 37.





**HJULA MÅ PUMPAST OPP FØR FØRSTE BRUK.
HÆLKAPPA MÅ JUSTERAST FØR FØRSTE BRUK.
BRUK NOK TID TIL Å LÆRA BREMSETEKNIKKEN.**

Framhjulet kan monterast i tre posisjonar. For dei minste skostørrelsane bør framhjulet vera montert i bakre posisjon, for skostørrelsar i midtsjiktet bør framhjulet stå i midtre posisjon, og for store størrelsar i fremre posisjon.

Sjekk alltid lufttrykket i hjula før bruk av produktet. Ved tap av lufttrykk i eit eller fleire hjul må brukaren straks stoppe, og luftslange, dekk og/eller komplett hjul må skiftast. Ikkje reparer punktering med lappesaker, dekkskum eller liknande. Det anbefalast å ha med den medleverte fastnøkkelen og eit komplett hjul ved bruk av produktet. Då kan du ved eventuell punktering relativt raskt skifta hjul og fortsetta bruken. Slange og/eller dekk kan skiftast der ein har meir verktøy of fasilitetar for slikt.

Skike er designa for bruk på asfalt, fine faste gjevne grusveggar, og på fin fast gjevn gressplen. Det vert anbefalt å bruka stavar ved bruk av produktet. Skike produserar eigne stavar vist på www.skike.com

Bremseteknikken for produktet må lærast. Start bruken av produktet på uttraffikert fast gjevnt flatt underlag (t.d. eit flatt asfaltert område). Skyv forsiktig framover, og legg leggane bakover for å oppnå bremseeffekt. Her følgjer skildring av ein effektiv bremsemetode: Strekk begge beina heilt ut slik at kne-leddet er i bakre posisjon. Med strake bein flytt rumpa bakover samstundes som du bøyer overkroppen framover. Med denne rørsla merkar brukaren at bremsa kjem i kontakt med dekket på bakhjulet. Tyngdeforskyvinga bakover med bein og rumpe vert kompensert med at overkroppen bøyst framover. Øv grundig på dette før start av vanleg bruk. Etterjuster bremsa om nødvendig dersom den tar for seint eller for tidleg. Vær oppmerksom på at plasseringa av hælkappa (lengre fram eller lengre bak) også påverkar bremseeffekten. Brukaren må ta seg god tid i trygge omgjevnadar til å læra bremseteknikken 100% før vidare bruk.

DERSOM SKIKEN IKKJE GÅR RETT FRAM:

Når skiken trekk mot høgre eller venstre kan dette justerast ved å gjere små instillingar på framhjulet. Vipp av plasthetta med eit flatt skrujern. Løys litt på mutteren på bolten på framhjulet, men ikkje ta mutteren heilt av. Du vil merka at bolten/akslingen har litt rom til å bevega seg inne i det holet den går gjennom. Dersom skiken trekk mot høgre, hald framkant av hjulet litt mot venstre medan du skrur til mutteren. Dette vil gjera underverk, og slik at utstyret går rett fram.

Ved bruk av produktet bruk godkjent hjelm og utstyr for å beskytta ledd. Rosehagen Eigedom og Import AS (distributøren) distribuerer produktet til forhandlarar i Noreg. Distributøren er ikkje ansvarleg for nokon form for skadar, invaliditet og/eller død som følge av bruk av produktet.

Mvh, Rosehagen Eigedom og Import AS.

